17. MAI 2020
FEIRING AV NASJONALDAGEN
SIRDAL KOMMUNE

I vår langstrakte kommune har me 3 ulike 17. mai komitear som i mange år har gjort ein god jobb for å laga ei flott ramme kring Nasjonaldagen. Dette året må ein ta omsyn til koronaviruset, og det er kome reglar og føringar for å hindra smittespreiing.
Komiteane har vore kreative og fått til eit alternativt program for dagen - til glede for mange! Det er ikkje lov til å samla store folkemassar eller gå i tog, difor er aktivitetar lagd opp slik at alle kan delta på desse frå bilane sine.

TONSTAD

kl. 08.00	Flaggheising, **Rådhuset** korpset spelar
kl. 09.00	Kransnedlegging minnestøtta, Stronda v/Anne Turid Rostøl
kl. 10.15	Minikonsert med korpset Sirdalsheimen, hagen Ordførar deltek
kl. 11.00	Bilkortesje i ei rute på Tonstad. Politi og veteranbilar leiar an. Kjørerute: sjå heimesida
kl. 12.00	Korpset spelar, kulturhus v/ parkeringsplassen,
kl. 12.20	Tale for dagen v/Sølvi Mannerok
kl. 13.00	Heile Noreg syng: «Ja, vi elsker»
kl. 13.15	Bilrebus. Denne kan du delta på frå kl. 09 - 18. Informasjon: tonstadil.no

SINNES

Me startar og sluttar dagens feiring på Sirdal fjellmuseum, Kvæven, då det er god plass her til parkering av bilane. Det vert kåring av den finast pynta 17. mai bilen.

kl. 09.30	Oppmøte, Kvæven
kl. 10.00	Velkomen og tale for dagen v/Solbjørg Tjørhom
kl. 10.15	Togkortesje til Sinnes v/veteranbilklubben
kl. 10.45	Bilrebus
kl. 12.30	Me setter kurs mot Kvæven att
kl. 13.00	Heile Noreg syng: «Ja, vi elsker»
kl. 13.15	Avslutning, kåring av finast pynta bil.

ØKSENDAL

På grunn av koronatiltak vert det dessverre ingen felles samling her i år.

KYRKJA I SIRDAL

kl. 10.00:
Familiegudsteneste

Denne vert sendt på facebook. Du kan sjå den kva tid som helst etterpå òg. Ved sokneprest Rolf Eriksen og organist Kjetil Øygard Eidevik. Det vert offer til Redd Barna (vipps).

Følg Kyrkja i Sirdal:
facebook.com/kyrkjaisirdal

FILMVISNING

Om du bur i Suleskard, Hongkong eller på Røst:
Opplev tidlegare 17. mai-feiringar i Sirdal!
I år kan du ikkje feire Nasjonaldagen på tradisjonell måte, men tidlegare redaktør for Sirdølen avis, Oddvar Tjomlid, har redigert 3 filmar frå tidlegare 17. mai feiringar. Desse vert lagd ut på facebook til ulike tider gjennom dagen, du kan sjå dei her: facebook.com/oddvar.tjomlid

kl. 07.00	Feiringa frå 1984 . Her kan du m.a. sjå korleis musikkorpset presenterte seg den gong - frå lasteplanet på ein av SGB sine bilar. (omlag 30 min.)
kl. 10.00	Feiringa frå 1986. Orangerussen, eller "Englebarna av Lian" som dei omtala seg, var der også. Både høgt og lågt, bokstaveleg talt. Musikkorpset hadde fått eigne drilljenter. (omlag 30 min.)
kl. 16.00	Feiringa frå 1990. Sjølv om det då allereie hadde vore raudruss i Sirdal nokre år, var det nok orangerussen som markerte seg mest. Med song under flaggheisinga i sentrum, og fleire kreative russeplakatar. (omlag 17 min.)

INFORMASJON

Sinnes (på facebook):
17. mai i Øvre Sirdal
Tonstad (heimeside):
tonstadil.no

Åpen WC, 17. mai:
Bruk gjerne WC på:
Klubbhuset (Tonstad IL)

Koronasituasjonen
På Sirdal kommune si heimeside er det alltid oppdatert informasjon om dei smitteverntiltak som gjeld. Gå inn på:
sirdal.kommune.no